Tryggleik-, Helse- og Arbeidsmiljøplan

(SHA)

Prosjekt: Nye Sundgotmarka barnehage

Byggherre: Ulstein kommune v/ Eigedomsavdelinga

Byggeplass: Gjerdsbakkvegen 40 6065 Ulsteinvik, 29/276 og 29/184

Utarbeida: 30.09.2026

Sist oppdatert: 30.09.2026

Rev. nr	Revisjonen gjeld	Dato

1. Innleiing

Bakgrunn

Denne planen for tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA) gjeld for prosjektet «Nye Syndgotmarka barnehage» SHA-planen er utarbeida etter føresegn i §7 og §8 i Forskrift om tryggleik, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (Byggherreforskrifta - BHF).

Målsetting for SHA

Byggherren har ein klar visjon om at prosjektet skal gjennomførast utan skade på personar, og med eit godt arbeidsmiljø for dei som jobbar på byggeplassen.

Byggherrens mål skal nås gjennom:

- at alle partar etterlever relevante lovar og myndigheits krav
- at det etablerast klare ansvarsforhold og avtalar
- å utarbeide, formilde og følgje opp SHA-planen i alle prosjektets fase
- å identifisere, analysere og klassifisere risikofylte arbeidsoppgåver
- å sikre at dei engasjerte partane følgjar opp sine forpliktingar

Funksjon	**Verksemd**	**Kontaktpersonar**	**E-post**
Byggherre	Ulstein kommune	Ottar Håkonsholm, Anne Hestflått	Ottar.hakonsholm@ulstein.kommune.no, anne.hestflatt@ulstein.kommune.no
Byggherrens representant	Ulstein kommune	Anne Hestflått	anne.hestflatt@ulstein.kommune.no
SHA – koordinator prosjektering KP	Conplan	Idar Moldskred	idar@conplan.no
SHA – koordinator utføring KU	Conplan	Idar Moldskred	idar@conplan.no
Hovudbedrift	Totalentreprenør		

2. Skildring av prosjektet

Ulstein kommune v/ eigedomsavdelinga skal starte prosjekt bygging av ny barnehage Sundgotmarka barnehage. Første fase med masseutskifting av tomta er gjennomført.

Ulstein kommune skal bygge ny barnehage som skal erstatte dei to eksisterande avdelingane ved klubbhuset til Hasundgot Stadion (Gjerdsbakkvegen 41) og Sundgotmarka barnehage (Joelvavegen 9). Nye Sundgotmarka barnehage skal planleggjast for fire avdelingar med noko fleksibilitet i inntaksmodellen. Det er lagt til grunn to avdelingar for barn 1–2 år, med inntil 12 barn i kvar gruppe,


og to avdelingar for barn 3–6 år, med inntil 24 barn i kvar gruppe. Samla dimensjonerande kapasitet er 72 barn.

I denne forbindelse skal Ulstein kommune inngå kontrakt med ein Totalentreprenør som skal bygge eit nybygg (ca. 880 m^2) med tilhøyrande utomhus (leike- og opphaldsareal), inklusive stiar, veger, fortau, plasser og busstopp ihht til gjeldande reguleringsplan og elles konkurransegrunnlag.

3. Organisering av prosjektet

Prosjektet gjennomførast som ei totalentreprise. Totalentreprenøren er ansvarleg hovudbedrift

Organisasjonsplan



4. Framdriftsplan

Hovudbedrift er ansvarleg for utarbeiding, oppdatering og distribusjon av samla framdriftsplan.

Framdriftsplanen skal beskrive når og kvar dei forskjellige arbeidsoperasjonane skal utførast, og skal ta omsyn til samordning/koordinering av ulike arbeidsoperasjonar. Det skal komme fram kva for nokre tidsrom spesifikke relevant tiltak i prosjektet er planlagd gjennomført, og eventuelt krav til rekkefølge av arbeidsoperasjonar der dette er.

Hovudframdriftsplan i utføringsfasen med viktige milepålar:

Nr	Skildring	Dato
1	Byggestart	Preliminært 2. kvartal 2027

2	Ferdigstilling/overtaking	Preliminært 1. kvartal 2028
3	Prøvetid ferdig	Første halvår 2029

Oppdaterte framdriftsplanar (produksjonsplanar) som viser kva slags aktivitetar som skal gå føre seg i ulike område for dei neste 2, 3 eller 4 vekene skal henge på oppslagstavlene på byggeplassen og skal sjåast å vere ein del av SHA-planen. Det skal kome fram kva slags aktivitetar som vert vurdert som særskilt risikofylte og som krev SJA før igangsetting.

Dette skal merkast tydeleg på framdriftsplanen. Framdriftsplanen utarbeidast, oppdaterast og hengast opp av totalentreprenør.

Vedlegg til SHA-planen

Fylgjande dokument er vedlegg til SHA-planen. Verksemda sine eigne dokumenter som vert nytta, skal leggast fram for og godkjennast av byggherre representant for utføring, for å sikre at dei inneheld minimum dei moment som byggherren krev.

Nr	Dokument	Kommentar
1	Sjekkliste for oppslagstavle på byggeplass	Obligatorisk
2	Sjekkliste inntakskontroll	Minimumskrav til kontroll av under-entreprenører og bemanningsforetak i heile kontraktskjeden.
3	Melding om bruk av underentreprenør og bemanningsforetak	Skal brukast uendra i heile kontraktskjeda. Øvste ledd i kontraktskjeda er ansvarleg. Det vil seie at den entreprenør som har kontrakt med byggherren skal sikre oversikt over heile kontraktskjeda og bruk av utenlandsk arbeidskraft.
4	Sjekkliste for vernerunder	Obligatorisk for vernerunder. Eigne vernerundeprotokoller skal nyttast, men supplerast med eventuelle manglande punkter iht sjekklisten.
5	Månedsrapport frå hovedleverandør til KU	Jmf. kapittel 4 om avvikshandtering.
6	Varslingsplan	Skal nyttast og skal hengast opp på oppslagstavle og andre hensiktsmessige stader.
7	Oversiktsliste	Oversiktslister som brukast av hovedbedrift eller elektroniske adgangs-system.
8	Utvida samordningsskjema	Arbeidstilsynets skjema 504 nyttast i prosjekt
9	Rapporteringsskjema for skadar	Obligatorisk
10	Rapportering av Uønska Hendingar (RUH)	Obligatorisk

5. Risikovurderingar og spesifikke tiltak

Entreprenørens ansvar og arbeidstakars plikter

- Entreprenør skal planlegge sine arbeid på bakgrunn av identifiserte risikoforhold og innarbeide relevante delar av SHA-planen i sitt internkontrollsystem.
- Entreprenør skal informere byggherren dersom det er risikoforhold i prosjektet som ikkje er dekka i vurderinga, og dersom den elles er behov for andre endringar i planen.
- I dei tilfelle der «vanlig prosedyre» for arbeidsoppgåver må fråvikast, skal det utarbeidast ein sikker jobbanalyse (SJA)
- RUH og SJA skal registrerast av entreprenør i eiget KS-system
- Alvorleg hending skal varslast i hht til entreprenørens varslingsplan.
- Dei identifiserte risikoforholda som ikkje kunne eliminerast eller reduserast til akseptabelt nivå gjennom prosjektering og val av løysingar, er beskriven i tabellen under samen med spesifikke tiltak.

Alle plikter å sette seg inn i SHA-planen og sikkerheitsbestemming som gjeld for byggeplassen. Krava angitt under er minimumskrav - strengare krav kan gjelde for den enkelte arbeidsgivar og disse må da følges.

Som arbeidstakar

- skal du registrere deg dagleg inn og ut på byggeplassen
- skal du bidra til en trygg og sikker arbeidsplass. Ingen jobb hastar så mykje at den ikkje kan gjerast sikkert – gjennomfør Sikker Jobb Analyse før oppstart dersom det blir sett på som nødvendig.
- har du rett og plikt til å nekte å utføre arbeid som du meina er farleg
- skal du ikkje utføre arbeid utan godkjend opplæring når det er eit krav
- skal du rapporter uønska hendingar til din leiar og sørg for strakstiltak dersom nødvendig
- skal du bruke påkrevd verneutstyr (minimum hjelm, vernesko og synlegheitstøy)
- skal du bidra til at gangveier, stillas, rømningsvegar og arbeidsområde haldast ryddige

Entreprenøren skal sørge for at arbeidslaget til ein kvar tid består av minst éin person som forstår og gjer seg forstått på norsk/skandinavisk. Denne personen skal i tillegg forstå, og gjere seg forstått på, eit språk alle dei andre på arbeidslaget forstår.

Alle på byggeplassen skal forstå SHA-plan, arbeidsbeskrivingar. sikkerheitsopplæring, HMS-rutinar, verneprotokoller, sikkerheitsinstrukser, SJA, sikkerheitsdatablader, bruksanvisning for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilt eller annan relevant SHA-informasjon. Materialet skal omsettast skriftleg til språket kvar arbeidstakar forstår fullt ut.

Lovkrav og retningslinjer som går fram av Arbeidstilsynets publikasjon «forstår du kva eg sei» skal følges.

Entreprenøren (Ulstein kommunes kontraktspart) skal før oppstart på byggeplass utarbeide en prosjekttilpassast plan for språk og kommunikasjon (språkplan) som omfattar eigne tilsette, underentreprenørar og innleigde. Planen skal gjerast det enkelt for oppdragsgivar å følgje opp at

ovannemnte krav er ivaretatt. Språkplanen skal som et minimum inneheld namn på kompetent(e) omsetjast, rutine for løpande oppdateringar av skriftlege omsetjingar og vise kven som er språkkyndig i det enkelte arbeidslaget. Språkplanen skal løpande oppdaterast.

I tabell nedanfor følger oversikt over foreløpige identifiserte risikoforhold i prosjektet med tilhøyrande risiko reduserande tiltak.

Nr	Risikoforhold	Spesifikke tiltak	Ansvar
0	Handling eller forhold som kan føre til uønskt hending Husk at en aktivitet/ farekjelde kan ha fleire uønskte hendingar	Det må skildre spesifikke tiltak for arbeids- operasjonar som ut i frå stadlege forhold, arkitektoniske eller tekniske løysningar er vurdert å medføre uakseptabel risiko og som ikkje ivareta av forskriftskrav og normal arbeidsinstruks.	
1	Opning/lukking av gjerde for inn/uttransport av materiell og personar. Skade på 3.person.	Entreprenøren skal ha rundell og adgangskontroll port. Entreprenør må uansett ha strenge rutiner på opning og lukking port til ein kvar tid.	TE
2	Transportveier – for maskiner/materiell-logistikk under byggeperioden. Inn/ut av byggeplass. Fare påkøyrsel.	Riggplanar tilpassast dei ulike fasar av prosjektet; dynamisk oppfølging, dialog med alle UE, skilting, hjelpemann ved rygging	TE
3	Lasting/Lossing på byggeplass. Fallande gjenstandar under løft, klemskade.	Sikkerheitssonar for løfte operasjonar; personelg verneutstyr, opplæring, bruk av godkjent utstyr, augekontakt mellom sjåfør og arbeidar(ar), tydeleg kommunikasjon.	TE
4	Bruk av kran/løfte operasjonar på byggeplass. Fallande gjenstandar under løft, klemskade	Sikkerheitssonar (fysisk sperre) for løfte operasjonar; personelg verneutstyr, opplæring, bruk av godkjent utstyr, øyekontakt mellom sjåfør og arbeidar(ar), tydeleg kommunikasjon.	TE
5	Arbeider i grunn – fylling. Fylling kan kollapse, utgliding av maskiner og personell. Skade 3 person.	Sikre at graveskråning ikkje er for bratt og følgje prosedyrar for denne type arbeid. Sperre av turstiar og område nedanfor fylling/skråning. Eventuell tiltak for å sikre massane; nett, bolter etc.	TE
6	Arbeider i grunn – sprenging. Personskadar, dødsfall. Steinsprut.	Følge strengt regulerte prosedyrar. Gjennomføre forsvarleg tildekking samt varslingsrutinar til nabo. Sperre av området.	TE

7	Arbeid i nærleik av høgspentkabel og elektriske installasjonar. Strømgjennomgong personell.	Sikre kun strømløyse kablar kuttes. Låsing av kursavgongar med forskiftsmessige løysingar. Kabelpåvising. Spenningsmåling av alle kablar som kuttast. Isoler endre på kabler som er kutta. Følgje kabeleiers retningslinjer, koordiner og informer Linja.	TE
8	Branntryggleik i byggefasen. Brann i bygget under oppføring - kan gi alvorlege personskadar	Rutinar på byggeplass; varmearbeider, sikre frie rømmingsvegar til ein kvar tid, sløkkjeutstyr, ryddigheit, eigen soner for oppbevaring av material.	TE
9	Arbeid på stillas. Person skade – fallande gjenstandar	Sikre nedfall frå stillas med sparkebord. Godkjent stillassertifisering.	TE
10	Støyande operasjonar. Sjenerande for nabolag og omgjevnad, høyrselsskadar.	Nytte relevant verneutstyr og varsle naboar.	TE

6. Rutinar for avviksbehandling


Alle på byggeplassen har ansvar for å rapportere avvik frå denne SHA-planen og melde frå dersom manglar eller feil i planen blir oppdaga.

- Behov for endringar skal meldes til koordinator (KU) omgåande når forholdet blir oppdaga. Melding skal fortrinnsvis være skriftleg (gjerne e-post), men kan i hastetilfelle midlertidig varslast munnleg.
- KU registrerer innmeldt/blir oppdaga behov for endring frå SHA-planen gjennom prosjektets avvikssystem.
- Avgjerd om nødvendig tiltak tas av BH v/prosjektleiar/byggeleder i samråd med KU og anleggsleder eller tilsvarande hos de utførande
- Informasjon om endring og tiltak til alle i høve til SHA-planens distribusjonsliste
- SHA-planen oppdaterast av vedkommande som står oppført som ansvarleg for oppdatering av SHA-plan

Døme på endringar kan være:

- Endring i organisasjonsplan i prosjektet (rollefordelingar/personar)
- Endring av framdriftsplan
- Endring av prosjektspesifikke risikoar inkludert spesifikke tiltak
- Endring i framdrift som kan gi konfliktar mellom samtidig arbeide
- Særskilt farlege arbeidsoppgåver som ikkje er med eller tatt tilstrekkeleg omsyn til i SHA-planen.
- Endring i tidspunkt og sted der de særskilt farlege arbeidsoppgåvene skal gjennomførast.
- Nye eller endra arbeidsmetodar som kan medføre et anna risikobilde.
- Om det skal brukas arbeidstakar med andre kompetanse enn spesifisert i SHA-planen.

Eks varslingsplan Nye Sundgotmarka barnehage



Akuttfasen:

1. **Sikre skadestaden**
For å unngå at fleire blir skada og for å stoppe eller begrense skadeverknadane

2. **Gi førstehjelp**
   - Sørg for frie luftvegar
   - Gi hjarte/lunge redning
   - Stans store blødingar
   - Hold pasienten varm

3. **Ring aktuell nødetat og oppgi:**
   - Kven som ringer
   - Kva har skjedd
   - Kvar det har skjedd
   - Når skjedde det
   - Korleis finne fram, evt. møtestad
   - Kva tlf.nr. kan det ringes tilbake til

4. **Ta imot nødetatane**
Møt, informer og led redningspersonell til skadesteden

5. Gå til angitt **samlingsstad**, og vent videre informasjon